

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Organisasjon

Orgnr 980792056

Namn på verksemd VEST NÆRINGSRÅD

Adresse Trollhaugmyra 15

Postnummer/-stad 5353 STRAUME

Kontaktperson

Namn Kari-Anne Landro

Telefon 99245694

E-post kari-anne@vnr.no

Enhet i virksomheten Administrasjon

Innspel

Generell merknad til planen

Det er positivt at Vestland fylkeskommune har ambisjon om å samle fleire eksisterande planar i færre planar, kor verdiskaping og kompetanse er ein av desse.

Vest Næringsråd har kompetanse (pådrivar for riktig kompetanse til næringslivet) som ein av våre strategiske målsetjingar. Eit av tiltaka er ei ressursgruppe som jobbar med grensesnittet og samarbeidet mellom skule og næringsliv.

Når det gjeld planprogrammet for den regionale planen for verdiskaping og kompetanse ønsker Vest Næringsråd å spele inn følgjande:

I utviklinga av eit fleksibelt utdanningssystem må planen legge vekt på at tettare samarbeid med næringslivet er ein del av løysinga. Det krev god medverknad frå næringslivet i planarbeidet.

Planen skal ta for seg utviklinga av eit fleksibelt og godt samarbeid mellom fleire aktørar, for å få til mangfald og god inkludering i arbeidslivet. Vi ønsker å spele inn at medverknad frå ulike aktørar i planarbeidet, blant anna næringslivsaktørar, vil vera viktig for å få til ein god og konkret plan på dette området.

Planen bør ta for seg konkrete tiltak som stimulerer til at born og ungdom blir tidleg kjent med arbeids- og næringsliv. Her finst det ei rekke tiltak i fylket allereie. Planen kan vera eit bidrag til at det vert jobba meir med det som verkar.

#

Det er bra at planen vil ta spesielt for seg overgangen frå elev til lærling, med tanke på at statistikken viser fråfall i den fasen. Eit vidare innspel er at planen bør ta for seg rekruttering av yrkesfaglærarar. Det kan vera vanskeleg i dag. I samband med dette bør planarbeidet også sjå på endå tettare samarbeid med næringslivet knytt til fagopplæringa.

Det er bra at planprogrammet peikar på sentrale punkt som planen må ta for seg knytt til kompetanse innan sirkulærøkonomi, energiomstilling, teknologiutvikling, digitalisering og auka behov for samfunnsikkerheit og beredskap. Vi les det slik at dette også tar innover seg den storstilte forsvarssatsinga som blir viktig for Vestland og som krev kompetanse.

#

Vi ønsker å spele inn at det i planarbeidet blir jobba spesielt med korleis vi vidare skal legge til rette for kompetanse knytt til nyskaping og teknologiutvikling, samt fleire elevar / studentar innan STEM-fag (science, technology, engineering og mathematics).

Planprogrammet beskriv at Vestland fylkeskommune ønsker å nå breitt ut for medverknad til planarbeidet. Vest Næringsråd tilbyr seg å vera ein samarbeidspartnar, for å få til gode og gjerne lokale møteplassar i planprosessen.